

Handlingsprogram for folkehelsarbeidet i Skodje kommune 2018

Kommuneplanen for Skodje kommune, samfunnsdelen, seier om satsinga på folkehelse:

Satsingsområdet - FOLKEHELSE

Meir om bakgrunn i
grunnlagsdokument s. 31

Hovudmål

Skodje kommune skal vere ein pådrivar i folkehelsearbeidet, og legg til rette for at innbyggjarane kan meistre eigne liv, ta ansvar for eiga helse, kjenne seg trygge, inkluderte og verdsette i lokalsamfunnet.

Suksessfaktorar for satsingsområdet FOLKEHELSE

- Arbeide kunnskapsbasert, langsiktig og sektorovergripande med folkehelseutfordringane
- Gode tenester på rus- og psykiatriområdet
- Synleggjere folkehelsearbeid i planverk
- Bistå med kunnskapsformidling til alle innbyggjarar
- Legge til rette for friluftsliv, rekreasjon og aktivitetar som passar for alle
- Sikre ein reinare(miljøvenleg) kommune
- Betre tilgangen til naturen

Styringsgruppa for folkehelse gjer framlegg om å løfte fram følgjande folkehelseiltak i 2018:

1.SAMFUNNSUTVIKLING FOR EIN GOD START I LIVET

Hovudmål:

Barn og unge skal ha eit sunt og inkluderande oppvekstmiljø som gjev dei høve til å oppleve meistring og utvikle evner og interesser.

Grunnlaget for god helse vert lagt i oppveksten. Foreldre, barnehage, skule, bumiljø/nærmiljø, fritidsaktivitetar og fysiske omgjevnader har stor innverknad på barn og unge si psykiske og fysiske helse.

Folkehelse og utdanningsnivå heng nøye saman – viktig å minisere fråfall i vidaregåande.

Tiltak	Ansvar	Gjennomføring	Budsjett	Status
Barnehagane har starta prosjektet «Ringar i vatn» der visjonen er at "Barnehagane i Skodje skal bidra til å skape balanse i barn sitt liv." Prosjektet skal ta for seg både fysisk aktivitet, ernæring og psykisk helse.	Leiarar i barnehagane	2016-2019	Eigne midlar, eksterne kompetanse- og prosjektmidlar og inntekter m.a. frå kurs der andre deltakarar, t.d frå andre kommunar, kan melde seg på.	Prosjektet er oppstarta
Skular og barnehagar har søkt om og kome med i eit program i regi av utdanningsdirektoratet for å synleggjere korleis kommunen vil organisere og forankre arbeidet med barnehage- og skulemiljø, og kompetanseutvikling på området.	Barnehage- og skulefagleg ansvarleg	2016-2018	Eigne midlar. Prosjektstøtte frå UDIR.	Prosjektet er oppstarta
Helsesøster/sosiallærar i skulen: Fleire dokumenterbare signal, m.a. Ungdataundersøking frå vår eigen kommune, viser at mange unge, særleg jenter, har negative utslag på psykisk helse. Våre eigne tenesteområde, både helsestasjon og barnevern stadfester dette. Eitt konkret tiltak er å auke tilgjengelegheit til helsesøster ev. opprette stilling som sosiallærar i skulen. Ev. begge deler. Dette bør avklarast tverretatleg, og det må samarbeidast nært.	Rektorene saman med helseeininga	2018	Tilføring av ressursar i storleik halv stilling	

2. HELSEVENNLEG ARBEIDSLIV

Hovudmål:

Skape god folkehelse og gode levekår for alle gjennom søkelys på lønsame, trygge og helsefremmande arbeidsmiljø.

Gjennom samfunnsansvaret sitt kan næringslivet bidra på ulike måtar for å styrke lokalt folkehelsearbeid. Arbeidsplassen bør også vere ein arena for å stimulere til sunne vanar, samstundes som det er viktig å leggje til grunn at eit godt arbeidsmiljø er alle sitt ansvar.

Tiltak	Ansvar	Gjennomføring	Budsjett	Status
Velje AKAN-kontakt	Rådmann	Straks		
Utfordre privat næringsliv ved	Leiar i	2018		

næringslaget til å ta opp temaet helsefremjande arbeidsmiljø i næringslaget.	Næringslaget blir utfordra			
Oppnemne eigne arbeidsmiljøutval i einingar med mange tilsette.	Einingsleiane	2018		

3. SAMFUNN SOM FREMMAR AKTIV, TRYGG OG FRISK ALDERDOM

Hovudmål:

Legge til rette for at dei eldre kan meistre eige liv, kjenne seg trygge, inkludert, verdsett og som ressurs i lokalmiljøet.

Gjennomsnittsalderen i befolkninga i Møre og Romsdal aukar, og vi blir stadig fleire eldre. Det er venta ein stor auke i aldersrelaterte lidingar framover. Samstundes har dei eldre meir ressursar enn før til å møte alderdommen og bidra aktivt i samfunnet

Tiltak	Ansvar	Gjennomføring	Budsjett	Status
Satsing på velferdsteknologi – Gir tryggleik, meistring og mobilitet.	Leiing i helseeininga	Kontinuerleg		
Etablere styrketreningsapparat utandørs, for eksempel i Tusenårsparken				
Etablere styrketreningsrom i omsorgsbustader				
Hjertestartarar Det er etter kvart kome på plass mange hjertestartarar i kommunen, både i kommunale bygg, private servicebygg og bygg eigd av frivillege lag. Det må vere eit mål at hjertestartarane blir registrert i eit nyoppretta offentleg hjertestartarregister, og at flest mogleg får opplæring i bruken av hjertestartarane. Kommunen bør kunne legge til rette for at dette skjer på ein systematisk måte.	Folkehelskoordinator	2018		

4. TRYGT OG HELSEFREMMANDE FYSISK MILJØ

Det fysiske miljøet er grunnleggande for helse, trivsel og livskvaliteten for innbyggerane. Det har og betydning for utjamning av sosiale helseskilnader, og kva slags levevanar vi

som innbyggjarar har.

Tiltak	Ansvar	Gjennomføring	Budsjett	Status
<p>Sørge for at det i den nye arealplanen blir teke omsyn til fysiske tilrettelegging for god folkehelse med slikt utgangspunkt: Alle skal kunne gå og sykle med låg risiko på veg til og frå daglege gjeremål og fritidsaktivitetar.</p>	<p>Planleggar, plannemd, kommunestyre</p>	<p>2018</p>		
<p>Kartlegging og verdsetting av friluftsområde i kommunane Fylkeskommunen starta hausten 2013 eit arbeid saman med kommunane om å kartlegge og verdsette friluftslivsområde. Målet er at alle kommunar i fylket skal ha kartlagt sine friluftslivsområde i 2018. Sunnmøre Friluftsråd har tilsett ein person (frå 01.09.17) i 50 % stilling som skal hjelpe kommunane i dette arbeidet.</p>	<p>Kultursjef</p>	<p>2018</p>		
<p>Kommunen skal vere tilretteleggar og støttespelar for etablering av utandørs møteplassar i alle grender:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Opparbeiding og skilting av turstiar - Nærmiljøanlegg - Leikeplassar <p>Kommunal medverknad kan vere å informere om aktørar som gir tilskot: Spelemidlar, Gjensidigestiftelsen, Sparebanken Møre, og yte hjelp til sjølv søknadsskrivinga. Kommunen bør også vere ein økonomisk bidragsytar her.</p>	<p>Eining for kultur, folkehelse og frivilligheit</p> <p>Teknisk avdeling</p>	<p>2018</p>		
<p>Utbygging av aktivitetsområde ved ungdomsskulen: Elevane ved u-skulen har eit lite aktivitetsstimulerande uteområde. Vi må få fortgang i utbygging av eit område som innbyr til aktivitet, leik og positivt samvær.</p>	<p>Leiing v/u-skulen</p> <p>Eining for kultur, folkehelse og frivilligheit</p> <p>Teknisk avdeling</p>	<p>2018</p>		
<p>Oppretting, opprustning og vedlikehald av kommunale leikeplassar/aktivitetsområde/badeplassar/-strender</p>	<p>Teknisk avdeling</p> <p>Eining for kultur, folkehelse og frivilligheit</p>	<p>2018</p>		

Aktivitetsområde for eldre i Tusenårsparken	Eining for kultur, folkehelse og frivillegheit Teknisk avdeling	2018		
Kommunalt vatn til heile kommunen	Teknisk avd saman med plannemda	Innan 2020?	Skodje kommune og private	
Stille krav i kommune- og reguleringsplanar om utgreiing og etablering av gang- og sykkelveggar	Teknisk avd saman med plannemda	Frå no! Og framover...		

5. INKLUDERING OG DELTAKING I KULTUR OG FRIVILLIGE ORGANISASJONAR

Hovudmål:

Frivillige lag og organisasjonar skal vere berekraftige og vere offensive aktørar i sine lokalsamfunn og nå breitt ut i befolkninga.

Deltaking i og opplevingar knytt til frivillige lag og foreiningar har ein verdi i seg sjølv, men også tilleggsverdiar i form av å skape sosiale nettverk, fellesskap, sosial kapital og auke den fysiske aktiviteten. I følgje Helseundersøkinga i Nord-Trøndelag (HUNT 3), har dei som nyttar kulturtilbod; oppleving av betre helse, er meir tilfreds med livet og har mindre angst og depresjon enn andre delar av befolkninga

Tiltak	Ansvar	Gjennomføring	Budsjett	Status
Halde fram med gjeldande ordning med å stille kommunale bygg gratis til disposisjon	Kommunen	Kontinuerleg		
Etablere ei nettside der ulike instansar kan melde ønske/behov for frivilleg hjelp/innsats, og der frivillege kan melde tilbake kva ein vil stille opp på.	Oppnemnd arbeidsgruppe	Første halvår 2018		
Oppgåveutval for frivillegheit: Utvalet bør møtest jamnleg også i 2018, og referansegruppa måtrekkast med. Det bør også inviterast til minst eitt folkemøtet der samskaping mellom kommune og frivillegheit for gode lokalsamfunn står på agendaen.	Oppgåveutvalet	2018		
Frivillegsentral – drift og utvikling: Utviklingspotensialet er m.a.	Eining for kultur, folkehelse og	2018	Rammetilskot	

endå klarare å fortelje kva kommunen kan bidra med som tilretteleggar.	frivillegheit			
Arbeide for å få til forpliktande samarbeidsavtalar med frivillige om å inkludere og tilrettelegge aktivitet for utsette grupper; sårbare barn og unge, funksjonshemma, flykningar, eldre, folk med psykiske vanskar og/eller rusproblem.	Alle einingar og tenesteområde	Fortløpande		

6. ORGANISERING OG SAMHANDLING, EIT KUNNSKAPSBASERT FOLKEHELSEARBEID

Hovudmål:

Folkehelsearbeid i Skodje kommune skal vere kunnskapsbasert.

Det blir viktig å styrke kompetansen og kunnskapen om folkehelsearbeidet i kommunen. Folkehelselova set tydelege krav til korleis folkehelsearbeidet skal drivast og kva for oppgåver og ansvar kommunane har.

Tiltak	Ansvar	Gjennomføring	Budsjett	Status
Dialogmøte i kommunestyret med tema folkehelse	Rådmannen	Haust 2017		
Alle einingar skal ha folkehelse som tema i minst eitt personalmøte pr år.	Einingsleiarane	2018		
Informasjon om god folkehelse <ul style="list-style-type: none"> • Informasjon på nettsider/aviser • Informasjon til elevar i skulen • Informasjon til foreldre i skule og barnehage (fellesmøte) 	Leiarar i alle tenesteområde	Fortløpande		

7. Rusomsorg

Mål for arbeidet:

- Redusere sosiale- og helsemessige konsekvensar av misbruk
- Fremje heilskapstenking i haldningsskapande og førebyggjande arbeid
- Utvikle vidare tverrfagleg samarbeid
- Sikre ansvarleg og føreseieleg alkoholpolitisk praksis

Tiltak	Ansvar	Gjennomføring	Budsjett	Status
Ruspolitisk plan Planen må innehalde gode førebyggjande tiltak. Målet må vere	Folkehelsekoordinator	Politisk behandling med		

<p>å avdekke sentrale område der tidleg innsats er avgjerande, og innføre gode rutinar og tiltak på desse områda.</p>		<p>vedtak første halvår 2018.</p>		
<p>Førebyggjande tiltak på rusområdet: Starte DelTa i Skodje i 2018. DelTa inneber at kommunane gjer ein ekstra innsats i samarbeid med KoRus for å vidareutvikle det kommunale rusarbeidet. Målet er å forebygge utvikling av rusproblem, gripe så tidleg inn som muleg når nokon er i ferd med å utvikle eit problematisk forhold til rus, og gi god oppfølging/behandling til personar med klare rusproblem.</p>	<p>Folkehelsekoordinator saman med arbeidsgruppa for rusomsorg.</p>	<p>Oppstart 2018</p>		